ÅRSMELDING 2017

Generelt.
Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet som går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.
Fjordvegen Rute 13 er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv /turisme og innbyggjarar.
Fjordvegen Rute 13 har riksvegstatus på strekninga Sandnes-Røldal – Røldal/Jøsendal (saman med E 134) - Jøsendal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella (tilslutta med Rv 55 Hella-Sogndal) og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik-Gaular-Moskog/Førde.
Fv 13 /Rv 13 har turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde - Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal-Forsand.

Nye vedtekter godkjende på Årsmøtet 2013
Nye vedtekter for eit revitalisert Fjordvegen Rute 13 vart lagt fram av styret og vedteke på Årsmøtet 06.06.2013. Her er fokus på vegbygging med slikt føremål:
1. Å arbeida for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord – Jæren til Sunnfjord.

Styret 2017:
Styret har 8 styremedlemer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 3 valde frå fylkeskommunane for ein 4-årig valbolk. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det. Styret skal driva selskapet for utvikling, pådriving og gje uttalar på vegne av organisasjonen.
Styret har i 2017 halde 5 styremøte (styremøte nr 6 var planlagt halde 8.12.2017, men dette vart utsett til 5.01.2018 pga ekstremvær og vanskelege køyretilhøve). Styret har i dei 5 styremøta handsama 32 saker i tillegg til Årsmøtet 2017 som vart halde på Scandic Stavanger Forus Hotel den 28.03.2017.

Styret i 2017:
Gerd Helen Bø, Suldal kommune -leiar
Sigbjørn Hauge, Voss kommune -nestleiar
Morten Midlang, Vik kommune
Irene Heng Lauvsnes, Strand kommune
Roald Aga Haug, Odda kommune

Varamedlemmer i rekkefølgje:
1. Edmund Utne, Hotel Ullensvang
2. Solfrid Borge, Ullensvang herad
3. Harald Offerdal, Balestrand kommune

2015/2019 Fylkesvalde med personleg varamedlem:

Arne Bergsvåg, Rogaland fylkeskommune	varamedlem: Svanhild Løge Skålheim
Marthe Hammer, Hordaland fylkeskommune	varamedlem: Gard Folkvord
Arnstein Menes, Sogn og Fjordane fylkesk.	varamedlem: Harald Bjarte Reite

Valnemnd 2017 : Marta Finden Halset (leiar), Hans Erik Ringkjøb, Torkel Myklebust.

Administrasjon.
Fjordvegen Rute 13 kjøper administrative tenester hjå Hardangerrådet IKS. Dagleg leiar i Hardangerrådet iks Jostein Eitrheim, er også dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 og er saman med konsulent Trude L. Rinaldo sekretariat for selskapet.
Konsulent Hanne Sundbø er tilsett i Hardangerrådet frå 01.10.2013 -30.09.2019 med oppgåve å profilera Fjordvegen Rute 13. Tilsetjingsavtale med konsulent Hanne Sundbø er gjort for 2 år om gongen og denne er i 2017 fornya for perioden 1.10.2017 – 30.09.2019.
Hardanger Økonomiservice as har ført rekneskapen og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore revisor for selskapet i 2017.

Medlemskap
Medlemskap: Alle som støttar føremålet, kan verte medlem og betala etter kategori.
I året 2017 har selskapet 13 kommunar, 3 fylkeskommunar, 2 regionråd, 3 næringsforeningar, og 10 verksemder/stiftingar/bompengeselskap som medlemar (pr 31.12.):

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068 STAVANGER
Sandnes Kommune	Postboks 583	4305 SANDNES
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730 ULVIK
Sauda kommune	Postboks 44	4201 SAUDA
Strand kommune	Rådhusgt.	4100 JØRPELAND
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130 HJELMELAND
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230 SAND
Odda kommune	Oppheimsgt.31	5750 ODDA
Eidfjord kommune	Simadalsv. 1	5783 EIDFJORD
Ullensvang herad		5780 KINSARVIK
Voss kommune	PB 145	5701 VOSS
Balestrand kommune	Rådhuset	6899 BALESTRAND
Vik kommune	PB 134	6891 VIK I SOGN
Sogn og Fjordane fylkeskommune		6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 299	4002 STAVANGER
Hardangerrådet iks	PB 78	5782 KINSARVIK
Ryfylke iks		4130 HJELMELAND
Vik Næringssamskipnad		6893 VIK i Sogn
Ullensvang Næringsforum	Pb 73	5782 KINSARVIK
Suldal Næringsforening	Sandsvegen 134	4230 SAND
Stiftelsen Preikestolen	PB 199	4126 JØRPELAND
Hardangerbrua		5781 LOFTHUS
Folgefonntunnelen A/S		5470 ROSENDAL
Felleskjøpet Rogaland Agder SA	Pb 208	4001 STAVANGER
Myrkdalen Fjellandsby		5713 VOSSESTRAND
Marine Harvest Region Sør		4130 HJELMELAND
Hotel Ullensvang		5781 LOFTHUS
Blix hotell	Sentrumsgata 44	6891 VIK I SOGN
Spa-hotell Velvære	Vågavegen 44	4130 HJELMELAND
Suldal Billag AS	Suldalsvegen 84	4237 SULDALSOSEN

Kontingent 2017 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr	35.000
Medlemskategori 2: Næringsselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr	10.000
Medlemskategori 3: Næringsselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr	5.000
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr	5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr	2.500
Medlemskategori 6: Fylkeskommunar	kr	70.000

Kort om arbeid i selskapet i 2017

Saman med kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar har Fjordvegen Rute 13 påverka for å få fokus på prosjekt langs Rv 13. Det er arbeidd mot politisk nivå for å få finansiert og igangsett viktige prosjekt. I samband med prosessen fram mot vedtaket av revidert NTP har fokus vore sterkt knytt til dette.

NTP 2018 - 2029 Prioritering frå Fjordvegen Rute 13:

Fjordvegen Rute 13 har i samband med høyring til revidert NTP gjort einstemmig vedtak om prioriterte tiltak for Rv13 gjennom alle 3 fylka: Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Denne lista er:

A. Svært viktige vegprosjekt med stor samfunnsnytte:

1. Rv 13 Vikafjellstunnelen — Hordaland/Sogn og Fjordane

B. Sikra særs rasutsette vegparsellar:

1. Rv 13 Lovraeidet – Rødsliane — Rogaland
2. Rv 13 Øvre Lonevatn og Brattlandsdalen — Hordaland
3. Rv 13 Odda – Tyssedal — Hordaland

C. Trafikksikringstiltak:

1. Rv 13 Kinsarvik – Bu — Hordaland

D. Sikra øvrige rasutsette vegparsellar

1. Rv 13 Melkeråna – Årdal (lang tunnel) — Rogaland
2. Rv 13 Kvassdalen — Hordaland
3. Rv 13 Oddadalen — Hordaland
4. Rv 13 Lovra – Lovraeidet — Rogaland

Møte med Stortingsbenkane:

Deler av styret og representantar for medlemmene hadde den 7. februar 2017 møte med stortingsbenkane for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. I dette møtet vart det orientert om arbeidet som Fjordvegen Rute 13 gjer for å løfta vegen opp på prioriteringslister for både investering og drift.
Møtet drøfta ulike utfordringar som er følgde opp i etterkant av møtet.

Nasjonal rassikringsgruppe på synfaring i Brattlandsdalen

Fjordvegen Rute13 vart inviterte til å delta på Nasjonal rassikringsgruppe si synfaring i Brattlandsdalen 19.09.2017. Nasjonal rassikringsgruppe var på besøk for å sjå Rv 13 i Ryfylke og i samband med dette vart det arrangert ei synfaring frå Nesflaten og opp til Håra.

Ved denne synfaringa vart det sett fokus på rassikringsprosjekt som er gjort greie for i prosjektrapport frå Asplan Viak som Fjordvegen Rute 13 i samarbeid med Ryfylke iks fekk gjennomført i 2016. Konsulent Hanne Sundbø og dagleg leiar Jostein Eitrheim deltok i synfaringa saman med Nasjonal rassikringsgruppe, Odda kommune og Suldal Næringsforening. Delar av synfaringa vart også dekka av NRK Rogaland.

Travel like the locals – Kollektivprosjektet for auka turisme

Fjordvegen Rute 13 har etter Dialogkonferansen 2016 på Hotel Ullensvang tatt opp tråden etter FRAM Møre og Romsdal si orientering om prosjektet «Travel like the locals». Søknad til Hordaland og Rogaland fylkeskommunar førte til støtte frå Hordaland fylkeskommune med kr 75.000 men avslag frå Rogaland. Ny søknad til Ryfylkefondet førte til støtte på kr 75.000.

Det vart i oktober 2017 arrangert studietur til FRAM i Ålesund der ein fekk ei grundig og god innføring i korleis FRAM saman med destinasjonsselskapa i Møre og Romsdal, særleg Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) hadde organisert og gjennomført betra tilbod for turistar med eksisterande kollektivrutenett i sesongen i løpet av dei to første åra i dette prosjektet. Med på denne studieturen var:

- Gerd Helen Bø, styreleiar i Fjordvegen Rute 13
- Hanne Sundbø, konsulent i Fjordvegen Rute 13
- Arne Bergsvåg, leiar Samferdselsutvalget i Rogaland og styremedlem i Fjordvegen Rute13
- Jon Askeland, leiar av utval for Miljø og samferdsel, Hordaland fylkeskommune
- Oddmund Sylta, direktør Skyss
- Odd Aksland, direktør Kolumbus
- Mette Nora Sætre, Næringssjef, Hordaland fylkeskommune
- Jostein Eitrheim, dagleg leiar Fjordvegen Rute 13

Etter denne studieturen tok Mette Nora Sætre initiativ til at NCE Tourism Fjord Norway v/ dagleg leiar Dag Jarle Aksnes fekk i oppdrag å facilitera denne prosessen vidare og sørgja for at rundturar i Hordaland og i Rogaland vart planlagde og organiserte for sal via nett og turistkontor. Dette skal gjerast i tett samarbeid mellom destinasjonsselskapa og kollektivselskapa i Hordaland og Rogaland.

I tillegg har «Travel like the locals» vore tema i samling for næringssjefane i alle fylka som utgjer Vestlandsrådet. Her er det semje om at prosjektnamn og prosjektprosjekt modell på sikt må verta sams for alle 4 fylka.

Prosjektet vert vidareført med plan om oppstart av eit avgrensa tal turar i 2019. Prosjektet vart presentert på årskonferansen 2017 og i 2018.

Uttalar

Fjordvegen Rute 13 har i 2017 gjeve slike uttalar:

- Uttale til stortingsrepresentantane på Hordalandsbenken og Rogalandsbenken vedr. Vegutbetring Rv 13 Brattlandsdalen. Prioritering av tiltak
- Uttale til sekretariatet hos Statens vegvesen vedr. Handlingsprogram 2018 – 2029 NTP.
- Uttale til Statens Vegvesen vedr. Rv 13 Oppstart regulering ferjeleiene Sande/Hjelmeland og Nesvik, Hjelmeland kommune

Handlingsplan 2018 – 2020: oppfølging:
Nokre tema har vore særskilt jobba med i 2017:

Profileringsarbeidet 2017:
Konsulent Hanne Sundbø har sidan oppstart av profileringsprosjektet i 2013 vidareført innsatsen hovudsakleg med profilering, presentasjonar og selskapet sine eigne konferanse-arrangement.

Medlemsskrivet **Fjordvegdrøsen** pr epost fortel om nytt frå styrets arbeide og større prosjekt samt det som skjer rundt Rv/Fv 13 i media og frå vegselskapet og medlemmane

Heimesida **www.fjordvegen.no** er faktabasert og fungerer som informasjonsstad for alle eksterne. Ytringar frå nærings-medlemmer er presentert samt større prosjekt som Fjordvegen Rute 13 er engasjert i.
Facebook-profil blir som oftast oppdatert fleire gongar kvar veke med nytt om samferdsel i Fjordveg-regionen.

Årskonferansen sirkulerer mellom dei tre fylka. Det er mål om at årskonferansen skal vera eit av dei viktigaste fundamenta for selskapet sitt eksterne virke. Ambisjonane er å setja agenda, ha gode innleiiarar og brei og sentral politisk deltaking som gjer det attraktivt for medlemmane å delta, samt skapa gode arenaer for debatt, påverknad og relasjonsbygging.

Årskonferansen 2017 **«Fjordvegen Rute 13 – vegen fram til regional vekst?»** sette fokus på desse tema:

Nasjonal transportplan 2018 - 2029 – Fjordvegen Rute 13 sine store og prioriterte rassikringsprosjekt, kva plass kan krevjast i ny NTP? Trygg veg for alle type trafikkantar, eit grunnlag for regional vekst og betre ressursutnytting i Fjordveg-regionen? Fjordveg-regionen og drivkrafta frå byane – korleis få til gjensidig utveksling?

Reiseliv og reiseruteutvikling: Fjordveg-regionen etter opning av Ryfast (2019): Kollektivprosjekt – Travel like the locals. Samspel over fylkesgrenser, sjølvsagt men vanskeleg? Kva føresetnader må på plass innan samferdsel for å lukkast med heilårs reiseliv?

Medlemspleie og rekruttering:
Medlemmane har vore aktivt trukke inn der det har vore naturleg i samband med lokale møte og aktivitet for auka kollektivreiser for turistar (Travel like the locals) samt møtet med Stortingsbenkane.

<u>Møte med kommunalutvalget i Stavanger kommune 24.01.2017.</u>

Stavanger er nytt og viktig medlem i Fjordvegen Rute 13. For å gje god informasjon om aktiviteten til selskapet til Stavanger kommune samt få i gong dialog, fekk styret og administrasjon i Fjordvegen Rute 13 møta Kommunalutvalet i Stavanger kommune den 24.01.2017. Dette møtet vart kort men nyttig for båe partar.

Styret og administrasjon har aktivt deltatt på eksterne arenaer og nasjonale konferansar for å fremja Fjordvegen og medlemmene sine interesser.

Statusrapportar frå utviklinga av Rv/Fv 13 i dei 3 fylka.
Kvart styremøte har ein eigen post der styremedlemmene oppdaterer kvarandre om kva som skjer på vegsektoren for Rv/Fv 13 i sine område. På denne måten kan styremedlemmene sjå heile Fjordvegen samla og kan bruka informasjonen til vidare arbeid for regionane sine eigne prosjekt. Det skjer gledeleg mykje langs Rv/Fv 13 og mange planar er under arbeid. Den gule stripa et seg framover meter for meter. Saman med flinke kommunar og vegselskap, langs og i tilknyting til Rv/Fv 13, vert det tunnelar, bruer, utbetringar og rassikring.
IS Fjordvegen Rute 13 understrekar at selskapet med eit aktivt styre vil vera ein profilert medspelar, pådrivar og reiskap for all aktivitet som betrar Rv/Fv13, men er avhengig av samspel med aktive kommunar og vegselskap og kan ikkje overta for desse

Kommentarar til rekneskapen. Vidare drift.
Rekneskapen for 2017 er ført etter rekneskapslova som eige selskap av Hardanger Økonomiservice AS og revidert av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt.

Rekneskapen for 2017 viser at selskapet hadde driftsinntekter på 850.023 kr og driftsutgifter på 837.605 kr. Driftsresultatet er på 12.418 kr. Renteinntekter er på 5.052 kr. Dette gjev eit ordinært årsresultat på 17.470 kr. Til samanlikning av ordinært årsresultat for 2016 minus 176.993 kr. Eigenkapitalen er på 383.556 kr. pr 31.12.2017.

Årsmøtet 2016 konkluderte med at det no er naudsynt å halda god kontroll på økonomien slik at trenden med tre år på rad med driftsunderskot ikkje vart vidareført til 2017. Overskot og underskot vert ført mot eigenkapitalen i selskapet som framleis er solid i høve selskapet sin aktivitet, men selskapet må unngå fleire år med underskot.
Denne målsetjinga har selskapet nådd mht årsresultat for 2017.

Årskonferansen har frå 2017 deltakaravgift differensiert med lågare sats for medlemma.

Diverse.
Arbeidsmiljø og personale.
Selskapet har ikkje eigne tilsette, men kjøper sekretærtenestene og profileringstenester frå Hardangerrådet iks, Jostein Eitrheim er dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 i 2017.

Likestilling.
Selskapet sitt styre er 5 menn og 3 kvinner og varamedlemmene i styret er 4 menn og 2 kvinner.

Miljø.
IS Fjordvegen Rute 13 si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Kinsarvik 10.04.2018

Gerd Helen Bø
styreleiar

Sigbjørn Hauge
nestleiar

Irene Heng Lauvsnes
styremedlem

Roald Aga Haug
styremedlem

Morten Midlang
styremedlem

Arne Bergsvåg
styremedlem

Marthe Hammer
styremedlem

Arnstein Menes
styremedlem

Jostein Eitrheim
dagleg leiar